

Lindås kommune
Kvernhusmyrene 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 14.02.2018
Vår ref.: 2014/22680-1
Saksbehandlar: evevaul
Dykkar ref.:

Tilskotsmidlar til trygg skuleveg og punktutbetring – søknadsfrist 7. mars 2018

Ved fylkestinget si handsaming av *årsbudsjett 2018* og *økonomiplan 2018-2021* (PS 105/2017) i møtet 12. desember 2017 vart det, under overskrifta «Trygg skuleveg og punktutbetring», gjort følgjande vedtak: «*Det vert nytta 20 000 000 ekstra til legging av meir asfaltdekke og trygg skuleveg.*»

I møte i Utval for miljø og samferdsel (MISA) 7. februar 2018 vart det lagt fram sak (PS 21/2018) om korleis ekstraløyvinga skulle nyttast. Følgjande innstilling vart då fremma: «*Fylkesutvalet opprettar ei søknadsordning for kommunar med ei ramme på 20,77 millionar kr i 2018. Utval for miljø og samferdsel får ansvar for tilskotsordninga, og trafikkisikringsutvalet har innstillingsrett.*»

Dei ekstra 0,77 mill. kr. er midlar overført frå 2017.

Vidare handsaming av saka

Endeleg avgjerd om bruk av ekstraløyvinga vert gjort av fylkesutvalet i møte 21.-22. februar 2018. Med atterhald om vedtak i fylkesutvalet, vel fylkesadministrasjonen å lysa ut tilskotsmidlane til *trygg skuleveg og punktutbetring* med søknadsfrist no. Søknadsfristen er **onsdag 7. mars 2018 kl. 12.00**.

Søknadane vert vurdert fagleg av Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen. Påskeveka gjer at denne prosessen må starta tidlegare enn elles. Kort tidsfrist er naudsynt for å gi kommunane tid til å gjennomføra tiltaka etter politisk handsaming. Vedtak om tildeling vert gjort i MISA 18. april 2018, etter innstilling frå fylkestrafikkisikringsutvalet (FTU) 17. april.

Det er svært viktig at kommunane sender inn all dokumentasjon knytt til søknaden sin *innan søknadsfristen*. Det er difor ikkje opna for å ettersende dokumentasjon og opplysningar etter 7. mars.

Om tilskotsordninga på 20,77 mill kr.

Tilskotsordninga har etter politiske ønskje kome til gjennom ekstraløyvingar over 2018-budsjettet. Ordninga sikrar at kommunane har høve til å få gjennomført mindre vegtiltak på fylkesvegnettet også utanfor det årlege investeringsprogrammet. Tiltak som ikkje har fått plass i investeringsprogrammet kan vera gode tiltak som også er høgt prioritert i dei kommunale trafikkisikringsplanane. Kommunane har høve til å søkja om støtte til gjennomføring av desse tiltaka under tilskotsordninga. Det er gjerne på lokalt plan at ein best kjenner til utfordringar på vegnettet og utryggleikspunkt langs skulevegane. Tilskotsordninga sikrar at prioriterte tiltak får ei god lokal forankring.

Tilskotsmidlane skal gå til tiltak som sikrar tryggare skuleveg og punktutbetring. I Regional transportplan 2018-2029 står det: «*Trygge skuleveggar er eit viktig område innanfor trafikkisikringsarbeidet, og eit godt*

folkehelseiltak. Dette må sjåast i samanheng med ei styrking av gang- og sykkeltiltak ikkje minst i regionsentra».

Det vert lagt opp til at kommunane kan søka om tiltak der Statens vegvesen står for gjennomføring. Ønsker kommunane å stå ansvarleg for gjennomføring sjølv, er ein god dialog med Statens vegvesen ein føresetnad. Vidare vert det opna for at kommunane sjølv kan dekkja delar av kostnadane knytt til tiltaket. Dette må i så tilfelle opplysast om i søknaden. Kommunane er ansvarlege for eventuelle kostnadsoverskridingar i høve til totalkostnad oppgitt i søknad.

Krav til tiltaket:

- Tiltaket må skje på fylkesvegnettet.
- Tiltaket bør ferdigstillast i løpet av 2018.
- Tiltaket må omfatte punktutbetring og/eller trygg skuleveg.
- Ferdig planlagde prosjekt vil verte prioritert.
- Kommunen kan søka om tiltak der Statens vegvesen vert ansvarleg for gjennomføringa.
- Vel kommunen å stå for gjennomføringa sjølv, må det skje i nært samarbeid med Statens vegvesen.
- Tiltaket må vere forankra hjå ordførar, kommunestyret eller i den kommunale trafikksikringsplanen.
- Tilskotssummen kan vere på inntil 5 mill. kr.
- Tiltaka kan ha kommunal medfinansiering. Dette må i tilfellet opplysast om i søknaden.

Midlane vert utbetalt ved ferdigstilling. Dersom det er gode grunnar for det kan tiltaket vere toårig, det vil seie at det vert ferdigstilt i 2019. Absolutt siste frist for ferdigstilling er 31. desember 2019.

Om søknadsprosessen

Kommunane må sende inn ein søknad til Hordaland fylkeskommune innan fristen som er sett til **7. mars 2018**. Søknaden må innehalde:

- Ferdig utfylt søknadsskjema, med mellom anna:
 - Omtale av tiltaket, kostnadsoverslag og skissert framdrift
- Oversiktskart som syner kva område aktuelt tiltak ligg i.
 - Målestokk kan til dømes vera 1:50 000
- Situasjonsskart med teikning eller skisse av aktuelt tiltak
 - Målestokk bør ikkje vera høgare enn 1:1000.

Om kommunen ønskjer at Statens vegvesen vert byggherre, og dette er avklart med vegvesenet, skal skriftleg dokumentasjon leggest ved søknaden.

Søknadsskjema for denne tilskotsordninga finn de som vedlegg. Søknadsdokumenta skal sendast til hfk@hfk.no og vere merka med saksnummer 2014/22680. Det vert lagt opp til at mange kommunar skal kunne nytte godt av desse midlane, og det er difor avgrensa kor mange tiltak kvar kommune kan få midlar til. Kommunane må sende inn sluttrapport med sluttrekneskap for tiltaket innan 1. januar 2019. For toårige prosjekt er fristen 1. januar 2020.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Even Vaular
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

